

ÅRSMELDING FRÅ HYTTENEMNDA 2009

NEMNDA

Nemnda har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar:

Nestleiar:	Noralv Bell
Kasserar:	Sylvfest Bell
Skrivar:	Arild Horrstad
Nemndmedlem:	Ingeborg Kleivset
Varamedlem:	Åse Marie Longva
Utleigesjef:	Svein Solbjørg

Nemnda har ikkje hatt leiar i år.

NEMNDMØTE:

Vi har hatt 1 nemndmøte i år.

DAGSVERK:

Det har vore utført 35 dagsverk frivillig arbeid ved dugnader, utleige og inspeksjon.

UTLEIGE:

Svein Solbjørg har vore ansvarleg for utleige av hytta. Inspeksjon før og etter utleige har gått på omgang med 14 dagers vakter. I tillegg til hyttenemnda har Atle Bell og Jonn Nordbø hatt 3 vakter og Gerhard Hestad 2 vakter.

Hytta har vore leigd ut 21 gonger - leigeinntekt kr 42.900.

DUGNADER:

Det har ikkje vore større dugnadsarbeid i år.

ØKONOMI:

Inntektene i år har gitt dekning for utgiftene til drift og vedlikehald. Største utgiftspostar er: Straum kr 19.284, assurance kr 10.167 og kommunale avgifter kr 2.036 (1. halvår).

Arild Horrstad
skrivar